



Til adressatar i følgje liste

Saksbehandlar, innvalstelefon

Tom Dybwad, 5764 3123

## Sørebødalen naturreservat - framlegg om oppretting etter naturmangfaldlova etter prosedyren for frivillig skogvern

---

**Fylkesmannen sender på høyring eit framlegg om vern etter naturmangfaldlova med oppretting av eit naturreservat i Sørebødalen i Høyanger kommune, etter prosedyren for frivillig vern.**

---

**Frist for å kome med fråsegn til høyringsframlegget er 10. juni 2019.**

---

Vi viser til vårt brev av 08.03.2018 med melding om oppstart av verneprosess etter naturmangfaldlova etter prosedyren for frivillig vern for Sørebødalen naturreservat.

### Bakgrunn

Sidan St.meld. 25 (2002-2003) har frivillig vern, saman med vern på statsgrunn, vore ein av hovudstrategiane for nytt vern av skog i Noreg. Frivillig vern inneber at det er grunneigarane, i samarbeid med skogeigarlaget, som tilbyr staten areal for mogleg vern. Dersom verneverdiane er så store at miljøvernstyresmaktene finn det interessant, vert det så starta forhandlingar mellom staten og grunneigarane. Det vert då forhandla både om avgrensing, verneforskrift og pris, og det vert ikkje inggått avtale om vern med mindre partane vert samde.

Områdevern er likevel ikkje berre ei sak mellom grunneigarar og miljøstyresmakter. Som for tradisjonelle verneprosessar er det difor viktig med ei offentleg høyring der også andre instansar og samfunnsinteresser kan kome med merknader. Naturmangfaldlova §§ 41 og 42 krev også at alle som vernet vedkjem vert informerte når vernearbeidet tek til, slik at dei i god tid før høyringa er best mogleg informerte om korleis det planlagde verneområdet vil kunne gripe inn i deira interesser. Dette er ikkje mindre viktig ved frivillig vern, der forhandlingane med grunneigarane allereie har kome langt når den formelle delen av prosessen startar opp.

Føremålet med dette brevet er såleis å høyre eit framlegg om å opprette Sørebødalen naturreservat i Høyanger kommune. Fylkesmannen sende oppstartmelding for frivillig vern av området i eit brev av 08.03.2018, og vi var på synfaring saman med grunneigarane og Vestskog 28.03.2019.

### Framlegg til verneområde

---

E-postadresse:  
[fmvlpost@fylkesmannen.no](mailto:fmvlpost@fylkesmannen.no)  
Sikker melding:  
[www.fylkesmannen.no/melding](http://www.fylkesmannen.no/melding)

Postadresse:  
Njøsavegen 2  
6863 Leikanger

Besøksadresse:  
Njøsavegen 2, Leikanger  
Statens hus, Kaigaten 9, Bergen  
Fjellvegen 11, Førde

Telefon: 57 64 30 00  
[www.fylkesmannen.no/vl](http://www.fylkesmannen.no/vl)  
Org.nr. 974 760 665



Framlegget til naturreservat (sjå vedlagt kart) ligg sør for Østerbøvatnet i Høyanger kommune. Grunneigarane i området har underskrive avtale om vern som naturreservat.

Det planlagde naturreservatet omfattar i alt ca. 8820 dekar.

### **Verneverdiar i området**

Verneverdiane i Sørebdalen er godt kartlagde og er godt kjende, jf omtale i Naturbasen (2015). Tilbodet dekkjer meir enn området som er omtala i Naturbasen, i alt ca. 4050 dekar:

#### **«Verdibegrunnelse**

Områdets største og viktigste naturverdier er knyttet til gammel gråorskog. Det er også viktige naturkvaliteter knyttet til hovedvassdraget (Sørebdelva), til storsteinet stabilisert/skogkledd blokkmark, til gammel + rik boreal blandingskog og til gammel (fattig) bjørkeskog. Under ett scorer området høyt på mange variasjonsparametrene, men kun middels høyt på rikhet, artsmangfold, gamle løv- og edelløvtrær og dødvedmengde. Dødvedkontinuiteten er tolket som generelt noe svak, men flekkvis moderat god (gjelder gråor og bjørk). Klepsland (2016) vurderer området under ett som nasjonalt verdifullt, og viser til at det vil kunne bidra til oppfylling av viktige mangler i skogvernet som gjelder boreal løvblandingskog (herunder gråor-heggeskog og rogn-selje-løvblendingskog). Når det gjelder edelløvsskog er verdiene særlig knyttet til kjerneområdene. Størrelse, tilstand og forekomst av rødlistede arter (utenfor kjerneområdene) tilsier minst verdi B, selv om deler av området isolert sett kanskje bare kvalifiserer til C-verdi.

#### **Innledning**

Beskrivelsen er utarbeidet av Tore Larsen, FMSF, på grunnlag av rapport fra kartlegging av kystfuruskog i Sogn og Fjordane (Klepsland 2016) og tidlegare omtale i Naturbasen. Kystfuruskogkartleggingen ble gjort på oppdrag fra Miljødirektoratet. Den inkluderer en revisjon av tidligere kartlegging (Gaarder, G. 2002), inkludert utskilling av egen, ny lokalitet rundt Almdokkevattet. Den opprinnelige lokaliteten er videreført av FM for å binde sammen et helhetlig skogområde av stor verdi, og fordi kartleggingen ga totalområdet en samlet verddivurdering på 5 poeng (nasjonalt verdifullt). Navnet på lokaliteten er endret til Sørebdalen. Grensene er endret i tråd med avgrensingsforslag i Klepsland (2016), men justert noe med grunnlag i flyfoto. Rødlistekategorier følger Norsk rødliste for arter 2015 og Norsk rødliste for naturtyper 2011.

#### **Beliggenhet**

Sørebdalen ligger sør for Fuglsetfjorden og Øystrebøvatnet, på sørsiden av Sognefjorden. Den er et ganske stort nord-sør-gående U-format dalføre med dreneringsretning mot nord. Dalbunnen er ganske slak/småkupert og inneholder et lite vassdrag (middels stor bekk) og noen tjern/småvann, hvorav Almdokkevattet er et relativt stort vann. Dalbunnen er ellers stedvis preget av storsteinet (men skogkledd) ur/skredmark/blokkmark, og flere steder i dalsidene ligger det store rasvifter. Berggrunnen består av granittisk til diorittisk gneis. Området er svært krevende å kartlegge; dels grunnet størrelse og vanskelig topografi, men også grunnet uoversiktlig mosaikk eller gradvis overgang mellom relativt trivielle og mer spesielle/verdifulle skogtyper. Relativt store areal mangler derfor direkte feltbefaring, men er gjerne betraktet og vurdert på avstand. Dette gjelder først og fremst høytliggende og brattlendte deler av dalføret.

#### **Naturtyper**

Lokaliteten har tidligere vært klassifisert som rik edellauvskog av utforminga gråor-almeskog, men etter at kjerneområdet med edellauvskog er skilt ut er det trolig riktigst å klassifisere denne lokaliteten som gammel boreal lauvskog med hovedutforming gammel lauvblendingskog. Av NiN-grunntyper i skog dominerer blåbærskog, svak lågurtskog (småbregneskog) og storbregneskog. I tillegg inngår noe bærløngskog, fattig sumpskog/myrkantskog, høystaudeskog, og noe som ligner lågurtskog (men som nok er høystaudeskog etter NiN). Mye av vegetasjonen, både i gråor-heggeskog og i bjørkeskog er sterkt dominert av gras (smyle, engkvein og sølvbunke), noe som trolig skyldes tidligere høyt beitetrykk.

#### **Artsmangfold**

Med hensyn til frekvensen av trær og busker i området under ett er det mest bjørk og gråor. Det er ellers forekomster av alm, rogn, selje og hassel, mens det er lite av hegg og osp. Furu opptre kun på stor høyde lengst sør i dalføret. Søndre del av dalføret (sør for Almdokkvattet) består i hovedsak av bjørkeskog, men med innslag av rogn, selje (og litt alm på klimatisk særlig gunstige steder). Vegetasjonen er fattig og dominert av blåbær-smyle- og småbregne-utforming. I dalbunnen sør for "Tjørna i botn" er det parti med sølvbunke-dominert bjørkeskog. Oppe i dalsidene (ovenfor kjerneområdene) ellers i Sørebdalen er det småvokst og dels krattformet skog og buskmark preget av hyppig forstyrrelse (ras, skred), skrint jordsmonn og klimatisk mindre gunstige forhold. De mest artsrike områdene med konsentrasjoner av rødlistede arter er skilt ut som egne naturtypelokaliteter (kjerneområdene i Klepsland 2016), der en rekke krevende og rødlistete kryptogamer er påvist. De fleste av disse er epifytter tilknyttet gråor og alm. Gode "regnskogsarter" forekommer ikke. Tilknyttet storsteinet blokkmark er det gjennom hele dalføret spredt forekomst av luftfuktighetskrevende/oseaniske til suboseaniske moser som prakttvebladmose, gullhårmose, heimose, småstylte og storstylte. Tilknyttet hovedvassdraget (både sør og nord for Almdokkvattet) er det god forekomst av flommose (NT), og ellers inngår bl.a. glanssåtemose, pelssåtemose og Fontinalis squamosa (og trolig flere krevende bekketilknyttete arter). Av noe krevende epifytter inngår bl.a. Neckera pumila (vringefellmose), vingemose, kalkraggmose og ryemose. Av lav kan nevnes skrukkelav, brun korallav, bleik kraterlav, skorpefiltlav, grynfiltlav, kystfiltlav, vanlig blåfiltlav, buktporelav, sølvnever og lungenever. Av rødlistede arter er praktlav (VU) og bleik kraterlav (VU) registrert i overgangen til de andre naturtypelokalitetene i Sørebdalen. Alm (VU) forekommer også.



### **Påvirkning**

Mye av vegetasjonen, både i gråor-heggeskog og i bjørkeskog er sterkt dominert av gras (smyle, engkvein og sølvbunke), noe som trolig skyldes tidligere høyt beitetrykk. Overbeite av hjort er et stort problem i forhold til naturverdiene knyttet til alm. De gamle trærne blir drept som følge av barknagingen, og foryngelsen av alm er i store områder hindret som følge av beitingen.

### **Fremmede arter**

Det er plantet gran nord for lokaliteten, og spredning derfra må påregnes.

### **Totalareal**

4054 daa»

Då Sørebdalen vart kartlagd i 2015 i samband med kartlegging av kystfuruskog, vart det identifisert 3 lokalitetar som alle har fått verdien Svært viktig, dvs. A-verdi nasjonalt viktig. Det gjeld:

- Seljeskreda – Ristjønne (374 dekar) som ligg nord i området
- Almedokkevatten (479 dekar) som ligg sentralt i området
- Nordre Sørebdalen (226 dekar) som ligg i nord ved innfallsporten til området. Omtrent halvparten av den registrerte lokaliteten er med.

I alt er det registrert 14 raudlisteartar i Sørebdalen per 2015.

Kvartærgeologien er særmerkt i området. Dalbotn er i mange stader prega av storsteina men skogkledd ur/skredmark/blokkmark, og fleire stader i dalsidene ligg det store rasvifter. Berggrunnen består av granittisk til diorittisk gneis.

### **Status i kommuneplanen**

Sørebdalen er LNF-område (landbruks-, natur- og friluftsområde) i gjeldande kommuneplan for Høyanger.

### **Verneforskrift og grenser**

Ved oppretting av eit naturreservat vert det utarbeidd særskilde verneforskrifter som fortel kva for restriksjonar som vert lagde på aktivitetar i området. Det vil bli forbod mot tekniske inngrep, hogst og motorferdsel. Beite, vanleg friluftsliv, fiske og vanlegvis også jakt vil vere lov. For Sørebdalen er det teke utgangspunkt i standard mal for skogområde som blir verna som naturreservat, og så teke inn innspela til oppstartmeldinga og frå grunneigarane så langt det har late seg gjere.

Framlegget til grenser for naturreservatet følgjer grensene tilbodet frå grunneigarane. Eigedomstilhøva vert ikkje endra ved oppretting av naturreservat. Kartet som er lagt ved viser grensene slik tilbodet er pr. i dag, og kan fram etter høyring berre innskrenkast.

Likeins kan framlegget til verneforskrift berre gjerast mindre streng fram mot vedtak.

### **Konsekvensar av vernet**

For å ta vare på dei sårbare og store naturkvalitetane i området er det nødvendig med ei verneform som sikrar området mot inngrep. Det er derfor ønskeleg å verne om områda som naturreservat etter naturmangfaldlova § 37. Ei slik verneform vil i utgangspunktet forby aktivitetar og nye anlegg som kan skade verneverdiane i naturreservatet. Vernet vil føre til visse restriksjonar på bruk av området, både når det gjeld hogst og andre inngrep. Grunneigarane vil framleis ha rett til jakt og fiske og ålmenta generelt for sanking av sopp og bær. Turstiar som er i området skal også kunne haldast ved like. Dersom det går kraftlinjer som går gjennom områda, skal dei kunna driftast, vedlikehaldast og oppgraderast.

### **Erstatning**



Etter § 50 i naturmangfaldlova har eigar eller rettshavar i område som vert verna som naturreservat rett til erstatning for økonomisk tap når vernet gjer noverande bruk vanskeleg. Ved frivillig vern følgjer ein derimot ikkje den ordinære framgangsmåten ved fastsetjing av erstatning som er omtalt i § 51. Frivillig vern er basert på at partane har vorte samde, også om erstatninga. Difor kan erstatningssummene utbetalast så snart området er verna, utan å vente på dei fristane som er omtalte i § 51.

### **Eigedomstilhøve**

Eigarar av området som er tilbode er gnr. 17 bnr. 1 og gnr. 17 bnr. 2 i Høyanger kommune.

### **Namn**

Namn på verneområdet er ein del av verneplanprosessen med høve til å kome med innspel og framlegg. Det mest aktuelle namnet er etter vårt syn Sørebdalen naturreservat, også fordi Stadnamntenesta meiner det er eit godt dekkjande namn.

### **Brukarinteresser**

Stien (den gamle ferdselsvegen) gjennom Sørebdalen opp til stølen er den mest brukte i området. Den mest brukte delen av stien inn til Almedokkevatnet vart fint tillaga av steinmurar og stein som dekke då stølsdrifta på Sørebstølen tok til på 1880-talet. Det er behov for både rydding, vedlikehald og tilretteleggingstiltak på stien fordi stien nokre stader er smal og det kan vere vanskeleg å føte seg for folk og fe. Det er teke høgde for dette i framlegget til verneforskrift ved at det kan gjevast løyve til tilretteleggingstiltak. Stien er delvis merkt. Grunneigarane reknar at kring 3000 personar årleg (mai-september) tek fotturen inn til Almedokkevatnet, særleg familiar med born, så dalen har noko naturbasert vandreturisme, og dalen har også vore brukt til kursverksemd. Vasstanden i Almedokkevatnet og elva nedanfor kan variere svært avhengig av nedbør og snøsmelting, med høgdeskilnad i Almedokkevatnet på oppi 20 meter. Grunneigarane har ein robåt her (som også ålmenta har kunne nytta), fordi det enklare å ro enn å gå den stien i den bratte lia langs vatnet. Stien langs vatnet har difor vore lite rydda dei seinare åra. Det står eit båtopptrekk med vinsj i sørenden av Almedokkevatnet der stien kjem ned til vatnet, men det er behov for forlenging av båtopptrekket med ein vinsj til for at båten skal kunne liggje trygt, både gjennom sommarsesongen og i vinteropplag. Robåten med utstyr må kunne lagrast ved Almedokkevatnet. Det er mange almetre i Sørebdalen, og det er fleire år sidan dei sist vart styva. Det bør difor lagast ein forvaltningsplan for Sørebdalen med retningslinjer for skjøtsel av dei gamle almetrea. Hjortejakta i området er viktig, og kan ved vern som naturreservat halde fram som før. Øystrebotnvatnet, som vert nedtappa med om lag 1 meter om sommaren (pga. kraftutbygging), ligg utanfor framlegget til naturreservat 646 moh, og det er difor ikkje naturleg avrenning i elva herifrå ned i Sørebdalen.

Sørebstølen er ikkje med i framlegget til naturreservat. Her står eit sel som vert brukt mellom anna i hjortejakta. Fylkesmannen har teke inn i verneforskrifta at det kan hoggast tre med diameter < 20 cm til ved i selet.

### **Innspel til oppstartmeldinga**

Det er komne følgjande innspel til oppstartmeldinga som Fylkesmannen sende ut 08.03.2018:

Forsvarsbygg ber om at i det i forskrift til de enkelte verneplanar vert teke inn nødvendige unntaksreglar som ivaretek omsynet til militær operativ verksemd. Vi ber også om at det særskilte unntaket for avgang og landing med Forsvarets luftfartøy vert teke med i forskrift slik at også omsynet til militær luftoperativ verksemd vert ivareteke.



Statens vegvesen har ingen merknader.

Norges vassdrags- og energidirektorat - NVE stadfester at konsesjonsgitt 132 kV linje Østerbø-Stordal ikkje går gjennom foreslått område for Sørøydalen naturreservat.

Statnett har ikkje anlegg som er berørt av planane og har ingen merknader.

Politiet Vest politidistrikt melder at Politiet har ingen merknader til framlegget om Sørøydalen naturreservat.

Språkrådet – Stadnamntenesta skriv at namnet *Sørøydalen* er godt dekkande, og at skrivemåten *Sørøydalen* er fullt ut tilrådeleg.

Fylkesmannen har teke til følge alle innspela som er komne og innarbeidd dei i verneframlegget med forskrifter.

### **Saksgang vidare**

For å følge opp Stortinget si satsing på frivillig vern i budsjettet for i år, og for at ikkje grunneigarane skal måtte vente unødig på erstatningsutbetalingane, er det sterkt ønskeleg at eit naturreservat i Sørøydalen kan vedtakast ved kgl.res. i år. Dette føreset ein relativt stram tidsplan.

Frist for å kome med fråsegn til framlegget om oppretting av Sørøydalen naturreservat er sett til

**10. juni 2019.**

Alle som ønskjer det er velkomne til å kome med fråsegn til framlegget om oppretting av Sørøydalen naturreservat.

Dette høyringsframlegget vert sendt på høyring til alle grunneigarar, organisasjonar og organ på lokalt, regionalt og nasjonalt nivå som på ulike måtar har interesse i saka.

Etter at framlegget har vore på høyring, vil Fylkesmannen oppsummere fråsegnene og sende si tilråding til Miljødirektoratet truleg innan 1. august i år. Miljødirektoratet vil før 31. august i år kome med si tilråding til Klima- og miljødepartementet, som legg planen fram til endeleg avgjerd i Regjeringa (Kgl. res.), truleg innan utgangen av 2019.

### **Adresselister**

Dette brevet er sendt ut til alle grunneigarar og rettshavarar innanfor det aktuelle området, lokale, regionale og nasjonale organ og organisasjonar som kan ha interesse av planarbeidet.

Vi ber om forståing og orsaking for om det skulle vere feil og manglar ved adresselistene, og ber samstundes om tilbakemelding på manglar eller feil adresse o.l. til Fylkesmannen ved sakshandsamar.

### **Informasjon**

Spørsmål om planarbeidet kan rettast til

- seniorrådgivar Tom Dybwad, tlf. 57 64 31 23, e-post [fmsftd@fylkesmannen.no](mailto:fmsftd@fylkesmannen.no)



## Send skriftlege innspel til

Fylkesmannen i Vestland, Njøsavegen 2, 6863 Leikanger eller på e-post [fmvlpost@fylkesmannen.no](mailto:fmvlpost@fylkesmannen.no)

Med helsing

Kjell Kvingedal  
miljødirektør

Eline Orheim  
seksjonsleiar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.*

### Vedlegg:

- Kart over framlegg til Sørebdalen naturreservat
- Framlegg til verneforskrift for Sørebdalen naturreservat

### Adresseliste:

Geir Helge Østerbø (gnr/bnr 17/1), [gelle@osland.no](mailto:gelle@osland.no)  
Geir Sørebo (gnr/bnr 17/2), [geir.sorebo@gmail.com](mailto:geir.sorebo@gmail.com)  
Høyanger kommune, [postmottak@hoyanger.kommune.no](mailto:postmottak@hoyanger.kommune.no)  
Høyanger Bondelag v/ Einar Duvold; [mduvo@online.no](mailto:mduvo@online.no)  
Høyanger Bonde- og Småbrukarlag v/ Jarle Martin Haaland, [jarle.haland@eninvest.net](mailto:jarle.haland@eninvest.net)  
Søreide grunneigarlag v/ Geir Sørebo, [god-s@online.no](mailto:god-s@online.no)  
Høyanger jeger- og fiskarlag v/ Odd Willy Knudsen, [odd.willy.knudsen@hoyanger.kommune.no](mailto:odd.willy.knudsen@hoyanger.kommune.no)  
Balestrand og Høyanger Turlag, [bhtur@dnt.no](mailto:bhtur@dnt.no)

Sogn og Fjordane fylkeskommune, [post@sfj.no](mailto:post@sfj.no)  
Vest Politidistrikt, [post.vest@politiet.no](mailto:post.vest@politiet.no)  
Høgskulen på Vestlandet v/ avd. for naturforvaltning, Sogn og Fjordane, [post@hvl.no](mailto:post@hvl.no)  
Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane, [sognogfjordane@naturvernforbundet.no](mailto:sognogfjordane@naturvernforbundet.no)  
Norges Jeger- og Fiskerforbund NJFF Sogn og Fjordane, [sognogfjordane@njff.no](mailto:sognogfjordane@njff.no)  
Norges vassdrags- og energidirektorat, region vest, [rv@nve.no](mailto:rv@nve.no)  
Sogn og Fjordane Bondelag, [sogn.fjordane@bondelaget.no](mailto:sogn.fjordane@bondelaget.no)  
Sogn og Fjordane Bonde- og Småbrukarlag, [sognogfjordane@smabrukarlaget.no](mailto:sognogfjordane@smabrukarlaget.no)  
Sogn og Fjordane Skogselskap, [brandsoyplanteskule@gmail.com](mailto:brandsoyplanteskule@gmail.com)  
Sogn og Fjordane Turlag, [sft@dnt.no](mailto:sft@dnt.no)  
Forum for natur og friluftsliv Sogn og Fjordane, [sognogfjordane@fnf-nett.no](mailto:sognogfjordane@fnf-nett.no)  
Sogn og Fjordane avd. NOF v/Anders Braanaas, [anders.braanaas@eninvest.net](mailto:anders.braanaas@eninvest.net)  
Visit Sognefjorden, [info@sognefjord.no](mailto:info@sognefjord.no)  
BKK Nett AS, [firmapost@bkk.no](mailto:firmapost@bkk.no)  
BKK Produksjon, [firmapost@bkk.no](mailto:firmapost@bkk.no)  
SFE Nett, [post@sfe.no](mailto:post@sfe.no)

Statens vegvesen region vest, [firmapost-vest@vegvesen.no](mailto:firmapost-vest@vegvesen.no)  
Forsvarsbygg, [post@forsvarsbygg.no](mailto:post@forsvarsbygg.no)



Norges jeger- og fiskerforbund, [njff@njff.no](mailto:njff@njff.no)  
Technogarden (nødnett), [firmapost@technogarden.no](mailto:firmapost@technogarden.no)  
Norsk organisasjon for terrentsykling - NOTS, [kontakt@nots.no](mailto:kontakt@nots.no)  
Stadnamntenesta på Vestlandet, [post@sprakradet.no](mailto:post@sprakradet.no)  
Statnett, [firmapost@statnett.no](mailto:firmapost@statnett.no)  
Avinor, [post@avinor.no](mailto:post@avinor.no)  
Direktoratet for mineralforvaltning, [mail@dirmin.no](mailto:mail@dirmin.no)  
Universitetsmuseet i Bergen, [post@um.uib.no](mailto:post@um.uib.no)  
Den Norske Turistforening, DNT, [info@dnt.no](mailto:info@dnt.no)  
Det Norske Skogselskap, [info@skogselskapet.no](mailto:info@skogselskapet.no)  
Fortidsminneforeningen, [post@fortidsminneforeningen.no](mailto:post@fortidsminneforeningen.no)  
Luftfartstilsynet, [postmottak@caa.no](mailto:postmottak@caa.no)  
Norges geologiske undersøkelse (NGU), [ngu@ngu.no](mailto:ngu@ngu.no)  
Norges Naturvernforbund, [naturvern@naturvernforbundet.no](mailto:naturvern@naturvernforbundet.no)  
Norges Skogeierforbund, [post@skogeier.no](mailto:post@skogeier.no)  
Norsk institutt for Naturforskning NINA, [firmapost@nina.no](mailto:firmapost@nina.no)  
Norsk ornitologisk forening (NOF), [nof@birdlife.no](mailto:nof@birdlife.no)  
Norsk Skogbruksforening NORSKOG, [firmapost@norskog.no](mailto:firmapost@norskog.no)  
Riksantikvaren, [postmottak@ra.no](mailto:postmottak@ra.no)  
SABIMA, [sabima@sabima.no](mailto:sabima@sabima.no)  
Universitetet i Bergen, Geologisk institutt, [post@geo.uib.no](mailto:post@geo.uib.no)  
Verdens Naturfond (WWF Norge), [wwf@wwf.no](mailto:wwf@wwf.no)

Kopi pr. e-post m/vedlegg:

Miljødirektoratet, [post@miljodir.no](mailto:post@miljodir.no)


Vestskog, [post@vestskog.no](mailto:post@vestskog.no)

Klima- og Miljødepartementet, [postmottak@kld.dep.no](mailto:postmottak@kld.dep.no)





Vedlegg: Kart over framlegg til Sørebødalen naturreservat







Vedlegg: Framlegg til verneforskrift for Sørebdalen naturreservat  
**Forskrift om vern av Sørebdalen naturreservat, Høyanger kommune, Sogn og Fjordane**

Fastsett ved kongeleg resolusjon xx.xx.2019 med heimel i lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfald (naturmangfaldlova) § 34 jf. § 37 og § 62. Fremja av Klima- og miljødepartementet.

**§ 1. (føremål)**

Føremålet med naturreservatet er å verne eit av dei få store og lite påverka skogområda som er att i Vest-Noreg, med sitt biologiske og geologiske mangfald. Området er viktig for biologisk mangfald ved at det inneheld mange skogs- og vegetasjonstypar med både rik lauvskog og høgareliggjande furuskog og bjørkeskog, der større delar har areal med urskogprega fjellskog men også høgproduktiv gamal låglandsfuruskog, og ved at det fangar opp ein kontinuerleg gradient frå lågland til fjell. Store fjellskred har laga mektige, storsteina blokkmarker og rasvifter som særpregar dalen.

Det er ei målsetjing å ta vare på verneverdiane i mest mogleg urørd tilstand, med stadeigne artar og naturtypar og naturleg skogdynamikk, og eventuelt vidareutvikle dei.

**§ 2. (geografisk avgrensing)**

Naturreservatet vedkjem følgjande gnr./bnr.:  
Høyanger kommune: 17/1, 17/2

Naturreservatet dekkjer eit totalareal på ca. 8820 dekar. Grensene for naturreservatet går fram av kart datert Klima- og miljødepartementet xx.xx.2019. Dei nøyaktige grensene for naturreservatet skal merkast i marka. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

Verneforskrifta med kart vert oppbevart i Høyanger kommune, hos Fylkesmannen i Vestland, i Miljødirektoratet og i Klima- og miljødepartementet.

**§ 3. (vernereglar)**

I naturreservatet må ingen gjere noko som skadar verneverdiane som går fram av føremålet med vernet.

I naturreservatet gjeld følgjande vernereglar:

- a) Vegetasjonen, medrekna daude buskar og tre, er verna mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne planter og sopp inkludert lav eller deler av disse frå naturreservatet. Planting eller såing av tre og annan vegetasjon er forbode.
- b) Dyrelivet, medrekna reirplassar og hiområde, er verna mot skade, øydelegging og unødig forstyrring. Utsetting av dyr er forbode.
- c) Det må ikkje settast i gong tiltak som kan endre naturmiljøet, som f.eks. oppføring av bygningar, anlegg, gjerder, andre varige eller mellombelse innretningar, parkering av campingvogner, brakker e.l., opplag av båtar, framføring av luftleidningar, jordkablar, kloakkleidningar, bygging av veger, drenering eller anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling eller lagring av masse, utføring av kloakk eller anna konsentrert ureining, etterlating av avfall, gjødsling, kalking eller bruk av kjemiske plantevern- eller skadedyrmiddel. Forsøpling er forbode. Opplistinga av tiltak er ikkje uttømande.
- d) Bruk av naturreservatet til større arrangement er forbode.
- e) Bålbrenning er forbode.

**§ 4. (generelle unntak frå vernereglane)**

Vernereglane i § 3 andre ledd er ikkje til hinder for:

- a) Beiting
- b) Sanking av bær og matsopp.
- c) Jakt og fangst i samsvar med gjeldande lovverk.
- d) Oppsetting av mellombelse, mobile jakttårn for storviltjakt.



- e) Rydding av skotfelt ved jaktpostar slik at feltet er fritt for vegetasjon etter retningslinjer i forvaltningsplan
- f) Felling av store rovdyr i samsvar med gjeldande lovverk.
- g) Utplassering av saltstein for husdyr og storvilt.
- h) Vedlikehald av eksisterande bygningar, gapahukar, jakttårn, stiar, bruer og andre anlegg og innretningar, i samsvar med tilstand på vernetidspunktet.
- i) Merking og rydding av eksisterande stiar etter retningslinjer i forvaltningsplan.
- j) Hogst av tre med diameter mindre enn 20 cm til bruk som ved på Sørebstølen etter retningslinjer i forvaltningsplan.
- k) Rydding av stiar for ferdsel og sanking av beitedyr etter retningslinjer i forvaltningsplan slik at dei kan haldast opne etter vindfall og liknande.
- l) Lagring av robåt med båttopptrekk og anna utstyr til denne ved Almedokkevatnet.
- m) Ringbarking og felling av gran etter retningslinjer i forvaltningsplan

#### **§ 5. (regulering av ferdsel)**

All ferdsel skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne.

I naturreservatet gjeld følgjande reglar om ferdsel:

- a) Motorferdsel på land og i vatn er forbode, medrekna landing og start med luftfartøy.
- b) Utanom eksisterande vegar og stiar vist på vernekartet, er bruk av sykkel, hest og kjerre, og riding forbode.

#### **§ 6. (generelle unntak frå ferdselsreglane)**

Ferdselsreglane i § 5 er ikkje til hinder for gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulans-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsaugemed, og gjennomføring av skjøtsels- og forvaltningsoppgåver som er bestemt av forvaltningsstyresmakta. Unntaket gjelder ikkje øvingsverksemd.

Ferdselsreglane i § 5 andre ledd er ikkje til hinder for:

- a) Naudsynt motorferdsel i samband med uttransport av sjuke og skadde bufe. Køyretøy som vert nytta skal være skånsamt mot markoverflata. Det skal gjevast melding til ansvarleg oppsyn for verneområdet i forkant av køyring.
- b) Naudsynt uttransport av felt elg, hjort og bjørn med lett beltekøyretøy som ikkje set varige spor i terrenget, og med traktor eller lett terrengkøyretøy på eksisterande traktorvegar vist på vernekartet.
- c) Landing og start med Forsvaret sine luftfartøy.

#### **§ 7. (spesifiserte dispensasjonsreglar)**

Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gi dispensasjon til:

- a) Tiltak i samband med forvaltning av vilt og fisk.
- b) Istandsetjing av bygningar, steinmurar, bruer og andre kulturminne etter samråd med kulturminnestyresmaktene
- c) Bygging av nye klopper til erstatning for gamle
- d) Oppsetting av nye fleirårige gapahukar og jakttårn dersom viltet (hjortedyr) endrar trekk.
- e) Naudsynt motorisert transport av ved, material og utstyr til hytter innanfor verneområdet.
- f) Naudsynt motorferdsel for å fjerne gran felt i samsvar med § 4 l.
- g) Gjenoppføring av bygningar, anlegg eller innretningar som er gått tapt ved brann eller naturskade, og naudsynt motorferdsel for dette.
- h) Merking og rydding av nye stiar og oppsetting av turpostar.
- i) Tilretteleggingstiltak på eksisterande stiar.
- j) Oppsetting av båttopptrekk med vinsj ved Almedokkevatnet.
- k) Styving av alm etter retningslinjer i forvaltningsplan.



- l) Bruk av naturreservatet i miljøtilpassa reiselivsverksemd etter plan godkjend av forvaltningsstyresmakta.
- m) Naudsynt motorferdsel i samband med aktivitetar nemnd i § 4 g, h og l, og § 7 a, b, c, i og j.

**§ 8. (generelle dispensasjonsreglar)**

Forvaltningsstyresmakta kan gjere unntak frå forskrifta dersom det ikkje strir mot føremålet med vernevedtaket og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsyn til tryggleik eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt, jf. naturmangfaldlova § 48.

**§ 9. (skjøtsel)**

Forvaltningsstyresmakta, eller den forvaltningsstyresmakta bestemmer, kan setje i verk tiltak for å oppretthalde eller oppnå den natur- eller kulturtilstanden som er føremålet med vernet, jf. naturmangfaldlova § 47.

**§ 10. (forvaltningsplan)**

Det kan utarbeidast forvaltningsplan med nærare retningslinjer for forvaltning av naturreservatet. Forvaltningsplanen kan innehalde nærare retningslinjer for gjennomføring av skjøtsel.

**§ 11. (forvaltningsstyresmakt)**

Miljødirektoratet fastset kven som skal vere forvaltningsstyresmakt etter denne forskrifta.

**§ 12. (ikrafttreding)**

Denne forskrifta trer i kraft straks.